



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar

Ørjan Simonsen, 51568905

Uttale til Lyse Kraft DA sin justerte søknad for nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget

Den justerte søknaden viser at Lyse Kraft DA ser betydninga av isen på Holmavatnet for villreinen vinterstid, og ønskjer å ta omsyn til villreinen i det vidare arbeidet med opprusting og utviding av austre grein av Røldal-Suldal utbygginga. Statsforvaltaren i Rogaland støttar intensjonen om å finne løysingar som både tek vare på villreinen, og legg til rette for effektiv utnytting av kapasiteten i Kvanndal 2 pumpekraftverk.

Forslaget frå Lyse, slik det no føreligg, er likevel ikkje konkret nok til at vi kan vurdere i kva grad dei negative konsekvensane for villreinen vil bli redusert. Vi ser det derfor som naudsynt å vidareføre innsigelsen. Med ytterlegare konkretisering av vilkår for manøvreringa i isleggingsperioden meina vi at det er mogleg med løysingar som gjer prosjektet drivverdig og utan negative konsekvensar for villreinen. Då kan innsigelsen fråfallas.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til høyring av justert søknad for nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget, motteke i brev frå NVE datert 17.06.2026. Høyringsfristen er 20.09.2026.

Bakgrunn

NVE hadde i 2024 på høyring Lyse Kraft DA, på vegne av RSK DA, sine revisjonsdokument for Røldal-Suldal reguleringa. Samstundes med denne høyringa, var også konsesjonsdokumenta for å bygge og drive fem nye kraftverk på høyring. Statsforvaltaren i Rogaland kom med uttale til begge desse sakene. Vi hadde motsegn til bygging av Kvanndal 2 pumpekraftverk og effekten på Holmavatnet.

Seint i 2025 kom det ei tilleggsutgreiing for villrein, som konkluderer med at trekk over Holmavatnet og beite på øyane er viktig for villreinen.

Lyse Kraft sin justerte søknad har omsynet til villreinen som eit sentralt premiss. Dei legg vekt på målretta og funksjonsbaserte tiltak for Holmavatnet. Dagens regulering av Isvatnet er ønska



vidareført, men med ei meir kontrollert tapping over lengre tid for å redusere erosjonsproblema. Grunna ny bruk av planlagt deponi på Håmo, forslår Lyse i justert søknad å legge deponiet litt lenger vest, på dyrka mark.

Denne uttalen må sjåast i samanheng med våre tidlegare uttaler i denne saka: *Uttale med motsegn til høyring av revisjonsdokument for Røldal-Suldal regulering, og bygging av fem nye kraftverk i dei same vassdraga*, datert 30.10.2024, og *Uttale til tilleggsutgreiing for villrein ved nye kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget*, datert 02.02.2026.

Vår vurdering

Vår uttale i denne saka, gjeld austre grein av utbygginga.

Villrein

Den justerte søknaden viser at Lyse Kraft DA ser betydninga av isen på Holmavatnet for villreinen vinterstid, og ønskjer å ta omsyn til villreinen i det vidare arbeidet med opprusting og utviding av austre grein av Røldal-Suldal utbygginga. Dette er bra. Statsforvaltaren i Rogaland støttar intensjonen om å finne løysingar som både tek vare på villreinen, og legg til rette for effektiv utnytting av kapasiteten i Kvanndal 2 pumpekraftverk.

Forslaget frå Lyse, slik det no føreligg, er likevel ikkje konkret nok til at vi kan vurdere i kva grad dei negative konsekvensane for villreinen vil bli redusert. Vårt utgangspunkt er framleis pumpestans i perioden desember til mars. På bakgrunn av justert søknad og dialog med Lyse, ser vi likevel at tilpassa drift med funksjonsbaserte krav på sikt kan vere eit mogleg avbøtande tiltak vi kan vere positive til.

Lyse sjølv nemner at det skjer ei omfattande kunnskapsinnhenting om pumpekraftverk, og både SINTEF og NaturRestaurering har peika på tilpassa drift av pumpekraftverka som eit mogleg avbøtande tiltak. Ein føresetnad for å innføre eit meir funksjonstilpassa driftsregime i vintermånadene er at det på sikt blir etablert eit tilstrekkeleg robust kunnskapsgrunnlag som dokumenterer at vinterpumping kan gjennomførast utan negative konsekvensar for isforholda og villreinen sin bruk av området. Berre slik kan prosjektet vere i samsvar med dei nasjonale måla for villreinforvaltninga, og vinterpumping skje utan å auke belastninga på villreinen. Ved uvisse om konsekvensar, må føre-var-prinsippet leggjast til grunn.

Vi vil vere varsame med å være konkrete på dette stadiet, men ønskjer likevel å kommentere einskilde element i forslaget frå Lyse. I justert søknad legg Lyse opp til ein meir fleksibel periode for innfrysing, i staden for ein fastsett dato for pumpestand slik vi i våre tidlegare uttalar har lagt opp til. Vi forstår Lyse ønskjer dette for å ta omsyn til år kor innfrysinga er sein grunna vêrforhold, og kor økonomien i å pumpe vil vere god. Med innfrysingsperioden meiner vi perioden då forholda ved Holmavatnet er eigna for islegging. Perioden varer fram til det er etablert eit stabilt isdekke på magasinet. Starten på og varigheita av innfrysingsperioden må vurderast på grunnlag av til dømes temperatur, vind, hydrologiske observasjonar og tilgjengelege prognosar.

Vidare kan det i oversendingsbrevet frå Lyse sjå ut som om det etter innfrysingsperioden skal kunne pumpast 10 cm i døgnet gjennom fleire døgn, slik at vassnivået akkumulert kan bli langt meir enn 10 cm før det blir køyrt ut igjen. Eit krav om at pumpa vassvolum skal køyrast ut seinast etterfølgande dag, og ikkje overstige 10 cm per periode med pumping, er noko nærare det vi kan sjå føre oss som ei akseptabel løysing. Løysinga må være fagleg fundert.



Vi støtter framlegget frå Lyse om at vurderingar og oppfølging av manøvreringa blir dokumenterte og rapporterte til NVE dersom prosjektet blir realisert. Det bør stillast krav om overvaking av drift, klimaforhold, ferdsel og villreinen sin bruk av området både i anleggs- og driftsfasen. Dette er naudsynt for å sikre at tiltaka verkar etter føremålet, for å avdekkje eventuelle negative konsekvensar og generelt styrkje kunnskapsgrunnlaget.

Vi ønskjer oppfølgjande dialog med NVE og Lyse Kraft DA i denne saka, med mål om å finne løysingar som gjer prosjektet drivverdig og utan negative konsekvensar for villreinen. Slik vil vi kunne løyse vårt motsegn i denne saka. Det vil vere ein viktig føresetnad at konsesjonsvilkåra gir juridisk bindande føringar for pumpinga om vinteren for om vi seinare kan fråfalle motsegna.

Vi har hatt dialog med dei andre statsforvaltarane om tema villrein i denne saka.

Isvatn

Bortfall av aktiv regulering av Isvatn var eit godt miljøtiltak i søknaden frå 2024. Lyse føreslår no å ta ut tiltaket, og behalde dagens regulering. Med ei meir kontrollert tapping over tid, vil erosjonsproblema nedstraums i vassdraget bli mindre. Sjølv om bortfall av aktiv regulering ikkje er eit avgjerande tiltak for villrein, vil stans i reguleringa slik opphavleg søknad legg opp til, vere positiv for fisk, landskap og vassmiljø.

Deponi på Håmo

Får Lyse Kraft DA løyve til å etablera deponi på dyrka jord, må det settast vilkår i konsesjonen om korleis dette arealet skal opparbeidast i etterkant for å minst oppretthalde verdien til landbruksarealet.

Løyve etter forureiningslova

NVE ber om ei konkret vurdering av om tiltaka treng løyve etter forureiningslova.

I prosjekt som blir rekna som mellombels, dvs. med ein varigheit på 2-3 år, og forureininga kan bli vurdert som «vanleg», det vil seie at det er pårekneleg forureining frå anleggsarbeid som ikkje påverkar viktig natur negativt, vil anleggsarbeidet ikkje krevje særskilt løyve etter forureiningslova.

Arbeidet med etablering av dei nye kraftverka vil ta lang tid. Etter vår vurdering, og basert på opplysningane i saka, er arbeidet difor søknadspliktig etter forureiningslova.

Vi kjenner ikkje til vasskraftsaker der det er nødvendig med løyve etter forureiningslova i driftsfasen. Det er viktig at tiltakshavar sjølv vurderer om det er nødvendig å søkje om løyve i driftsperioden.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Suldal kommune
Rogaland fylkeskommune
Statsforvalteren i Agder
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Statsforvalteren i Vestland

Eidsvegen 7	4230	Sand
Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 504	4804	ARENDAL
Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER